



KYRKJEBLAD

FOR VAKSDAL PRESTEGJELD

25. Årg.

Desember 1971

Nr. 9-10



JUL



*Jul, hvor du er skjønn og kjær.
Du taler til oss alle her
om barnet som i krybben lå
hin julenatt på høy og strå.*

*Takk, himlens Gud og Far
fordi du nådig har, i kjærlighet
så stor, sendt ned til syndig
jord din egen kjære sønn —
o, nåde rik og skjønn.*

*O, jul, med fredens bud kom inn
i våre hjerter, sjel og sinn.
La englesangen lyde her som over
Betlehems marker der.
Et ære være Gud
tone må fra hjerter ut.*

Gerda Rasmussen.

I stall og krubbe

Av stud. theol. Adne Skiftun

Jul, det er høgtid for små og store. Til og med for dyra er det noko særleg med jul, i alle fall for dyra heime hjå han far. I jula er det fast tradisjon heime at dyra får ekstra mykje og god mat. Dei skal merka at det er jul, forklara far til oss borna. Han lærde oss at jula meir høyrde til i fjaset enn i den oppynta stova med juletre og pakkar. Så eigenleg skulle ein ha feira dagen der.

Det var sannlegen til eit fjos Han kom, Han som me feirar fødselsdagen åt med glitter og stas. Blant jortande oksar og eimande asen slo han augo sine opp som nyfødd. Som eit lite men neskebarn, men Gud var i dette barnet. Under over alle under var hendt. Det umoglege hadde Gud gjort mogleg: Skaparen sjølv hadde gjort seg identisk med oss i eit menneske for at Guds krav skulle verta fullnøgt i oss. Rom. 8,3f. 2. Kor. 5,19.

Eit historisk og kosmisk storhende utan sidestykke, men ytre sett var alt så enkelt. Kristus vart ikkje berre fødd av ei kvinne under lova, men inn i ein huslyd i underpriviligert stand sine kår, til fattigdom, audmjukingar og møde. Fødestaden var eit fjos. Det stod nok heller ingen glorie om barnet si panne. Barnet var vel heller veikt og sutrande. Om dei mange pilegrimande til den overlag utpryda fødselskyrkja i Israel denne jula hadde fått kome og vore tilstades i den fyr-

ste jula, ville dei truleg ha rygga vonbrotne tilbake. Stor tru må den ha som kan sjå Guds veldige verk i så enkle tilhøve.

Til og med då Jesus hadde byrja si forkynnargjerning, verka det utruleg at Han skulle vera Guds son, Gud sjølv. Han atte ikkje ein stein til å halla hovudet sitt imot eingong. Når mange stygdest ved Han, kunne Han spørja læresveinane: Vil de òg gå bort? Då Jesus vart teken til fange, gjekk læresveinane frå Han. Tek me anstøyt av Jesus? Kvar var herlegdomen hans, ein herlegdom som ein einboren Son har frå Far sin? Det må openberrast ved tru.

Herlegdomen hans låg bak eit ytre dekke. Men somtid braut kreftene frå den himmelske herlegdomen igjenom kring Han. Slik også i julenatta, då nokre hyrdingar fekk ei openbering frå Gud. Dei fekk sjå og røynd Guds nærvere til frelse i eit lite barn i ein stall i Betlehem. Same røyndla kan me òg gjera ved å bøya oss for Gud og ta imot Guds frelse i eit barn «sveipt og lagd i ei krubbe.» Først då tonar julesongen av hjarta:

*Velkomen frå din himmelsal
ned til vår tåredimme dal,
der dei deg inkje anna gav
en stall og krubbe, kross og grav.*



KYRKJELYDSBLAD FOR VAKSDAL PRESTEGJELD

Bladstyrar Gudmund Skiftun. Dalekvam.
Faste medarbeidarar: Lars Bjørsvik, Johanne B. Helle og Magna Hesjedal.
Kasserar Ragnar Trohjel, 5297 Gammersvik.
Postgiro nr. 7 23 47. Bankgiro nr. 103385/123.
Ekspd: Skaars Boktrykkeri tlf. 8 Norheimsund

Ein proklamasjon frå det høge

I dag er det født dykk ein Frelsar i Davids by, han er Kristus, Herren.» Slik lydte den himmelske proklamasjon som vart sendt ut over Betlehems markene. Nokre hyrdingar som låg ute og vakta på buskapen sin om natte høyrde det, trudde det og fekk sjå det som den himmelske herold ropa ut. I Lukas 2 får me vita meir om dette som har vorte kalla juleevangeliet. Det er ei godt samansett og fin forteljing som dei fleste toler å høyra — i alle fall i julehelga. Den høyrer no med der. Sant nok så langt. For kva er no eigentleg jul utan hyrdingar, englesong og barnet i krubba? Men julebodskapen er noko ovleg mykje meir enn ei vakker soge som det kan konstruerast litt stemning med.

Det som hende var at Guds son kom ned til jorda. Ordet vart kjøt og tok bustad mellom oss, ein Frelsar for menneskeætta som vinglar i mørker. «For miskunnsam av hjarta er han vår gode Gud. Ei stjerna let han skina frå himmelhøgda.» Luk. 1,78. Gjennom profetar og ved openberingar var det føreåt varsla at Jesus skulle koma. Likevel var det berre nokre få som venta på han då det hende.

Kongen, alt folket i Jerusalem, dei

øvste prestane og alle skriftlærde i landet vart forferde då dei fekk høyra kva som var hendt. Det vart eit stort åtak. Dei tok til å rota og leita etter Jesus, men ikkje der han var å finna. Hyrdingane gjorde som dei fekk bod om. Dei gjekk til Betlehem og fann det slik som det var sagt dei, og dei fekk møta Jesus. Det same gjorde vismennene frå Austerland.

Sidan har julebodskapen lydd ut over jorda frå ætt til ætt i lange tider. Der bodskapen fekk koma inn, vart det til signing, frelse og fred og evig sæle. Evangeliet er like aktuelt i dag som første gongen det vart forkynt. Menneskja er i naud no som då, leitar etter å finna meining med livet, tilværet og framtida. Mange grunnar også på det djupe innhaldet i julebodskapen. Det er så vanskeleg for tanke og vit, men du ser etter ein livbergar likevel.

Er du trøyt vorten? Lat oss bryta av frå alt ståket og lyda etter: Det kimer no til julefest. Høyr tonen frå himmelen: I dag er det født dykk ein Frelsar, ein syndars liv og von. «Og finner du ham i krybbens hø, som hyrder så. Da eier du nok til freidig å dø og leve på.»

Signa julehøgtid

Magne D. Hesjedal.

Stødt desse ord du minnst som mann — dei skrivne er slike: Vert du ei atter eit barn, du ei kan få erva Guds rike.

Vinje.

Dei menneskelege ting må ein kjenna for å elska. Dei guddomelege ting må ein elska for å kjenna.

Pascal.

Vi vandrer med freidigt mod —

Dersom ein tilreisande spør kvar strøket på Dale er, ligg svaret på tunga med ein gong: Gata. I gata treffer ein som oftast dei som ein vil treffa. I gata kan ein få høyra siste nytt. I gata kan ein ta ein stopp og ein prat anten på fortauet eller midt i trafikken. Bilar, trailerar, lastebilar og gravemaskiner har berre eitt å gjera: sakta ned eller stoppa.

I gata vil ein snakkest litt om veret. Men framom alt møtest dalingane i gata for å gjera innkjøp for dagen: kjøt, fisk, brød, smør mjølk, litt krunost og litt oppskore hjå Vatile.

Gatelivet på Dale spenner over alle aldersgrupper frå småbarnet som skrik og ropar på mamma til den aldersstegne pensjonist.

Der går Bjarne Rønhovde. Han har tenkt seg å gå Tippen, Østenbrekka, Kalvakroken og Bensinstasjonen. Han går turen to gonger for dag og som oftast åleine. Der er ting han lyt stansa og sjå litt nærare på, og det kjem tankar som han må stansa opp for og tenkja igjennom.

Henrik Rolland og Ingvald Langhelle har slete så pass mykje i tunnellarbeid og på vegarbeid, så dei tek berre den daglege ruta til butikken og heim. Men dei uner seg ein pust og prat på benken i handelsforeningen. Dei er dei siste på Dale av den gamle garde som har turrora i jernbanetunnellane. Dei minnest mangt og mykje og har ingen ting imot ein prat med travle folk som hastar i veg med plastposen. Sjølve sit dei klar til å gå. Henrik Rolland med ryggsekk og to-

bakksdose i handa. Ingvald Langhelle med mørke briller. Han lyt ha det like mørkt som i tunnellane.

På si høge trapp i den gamle festiviteten sit Emil Rolland i stille ro. Han kjenner alle innfødde dalingar, og han gjev med glede plass for ein kamerat ved sida av seg på benken sin. Og så kjem spørsmåla haglande nedover han: kven er det? kven er det? Stundom kjem svaret: Det mennesket må vera frå Bergsdalen, eller: det mennesket må vera frå Eksingedalen. Men som oftast er svaret: Ho bur i Holhovden. Han bur på Eikehaugen. Eller: Du kjenner no vel han? Du kjenner no vel ho? Daglegdagse folk bør ein kjenna.

Karl Ingebrigtsen og Ludvig Reigstad går som oftast i lag. For dei er det ikkje nok med gata. Så sant det er ver, tek dei ein morgonstur ofte til Dalebryggja og i blant med buss til Fosse og spasertur nedover. Karl Ingebrigtsen er 84 år, spenstig som ein ungdom. Ludvig Reigstad er 10 år yngre. Han har mange minne frå livet til sjøs med «Kristianiafjord» i 1917 og 18.

Kristoffer Dale går ofte åleine, men stundom ilag med Alv Engebø. Før tunnelen vart opna gjennom Beitelen, vart dei oppdaga i tunnellopninga. Dei likar veldig godt å gå og tek aldri imot tilbod om heiking.

Anton Faugstad og Knut Gjertås går mykje i lag. Stundom har dei Henrik Kvamme med seg sjølv om han ikkje er pensjonist. Anton Faugstad kom ut av biletet ei stund. Han var då i Amerika og vitja si store slekt.

Jakob Hesjedal og Halvdan Breistein går småturar i lag, men dei går

aldri til Dalebryggja eller til Fosse i Bergsdalen.

Jon Låstad går på innkjøp i gata. Om kvelden tek han ofte ein tur saman med kona ned til Dalegarden eller opp i gata. Han plagast aldri av at han ikkje får tida til å gå.

* * *

I ei nylegutkomen bok skriv professor dr. Tollak Sirnes at mosjon er eit vidundermedikament. Det fremjar blodsirkulasjonen, styrkjer musklane, samstundes som det betrar evna til å slappa av. Det motarbeider nervøse spenningar, betrar hjartefunksjonen og aukar hjarta sin reservekapasitet. Vidare skriv dr. Sirnes at mosjon er eit framifrå venleiksmiddel, og nytta i høvelege dosar vil mosjon redusera eller til og med avskrive medikamentbruk. Rett brukt omstemmer mosjon organismen, slik at ein får attende evna til å kunna gleda seg. Mosjon er eit medikament som kan nyttast av alle menneske som er oppegående, men også under kunnig rettleiding av sengeliggjande.

— Kva er prisen på dette medikamentet, spør dr. Sirnes.

— Som regel er det billig, men det kan også kosta mykje, ja, for nokre over 100 kroner timen. Grunnen er at mosjon krev tid, og tid er pengar. For dei som har god tid er mosjon praktisk tala gratis.

Så langt professor dr. Tollak Sirnes. Me skal ikkje filosofera noko meir om det, men berre oppmuntra kvarandre til å gå turar, ikkje berre i gata, men og til Dalebryggja eller Fosse. Pensjonistane er våre gode føredøme. Me treffer dei i Østenbrekka, på Tippen, i Holhovden, i Dalseiddalen, på Fosse i Bergsdalen og på Dalebryggja.

Søndags føremiddag høver det godt å kvila ei stund i kyrkjebenken i Guds hus, strekkja føtene og syngja salmer.
God jul! *G. Skiftun.*

Eit monument

Kyrkje på Flatekval står som eit monument over kva få menn kan greia når dei hugheilt går inn for ei stor og krevjande oppgåve.

Det måtte vera eit yrande liv på Flatekval i gamle dagar då dei hadde marknad der. Folk kom, ikkje berre frå heile dalen, men frå Mo, Voss, ja heilt frå Sogn. Dei kom for å kjøpa og selja, eller hadde andre ærend. Men kyrkja var det ikkje der. For alle kyrkjelege handlingar, måtte dei til Mo. Der hadde eksingedølane sine faste plassar i kyrkja, dit måtte dei med barn som skulle døypast.

Slik var det kring 1620 då 5 bønder gjekk saman og bygde den fyrste kyrkja i Eksingedalen. Ho var 13 alen lang med skotet, og 9 alen brei. Ved altarringen var det plass til 7 nattverdsgjester. Ein gong i året, Syftesok, 2. juli, då det var marknad, var det gudsteneste. Dette var ei heilt privat sak. Dei henta prest og klokkar, og betalte for tenesta med smør og spikkekjøt. Kyrkja vart halde ved like av 9 bønder.

I 1875 gjekk dei i gang med innsamling til ny kyrkja, og året etter søkte dei om at Flatekval skulle verta eige sokn med 4 gudstenester om året. Dei venta 5 år, men fekk då løyve på berre ei gudsteneste, og denne eine skulle Hosanger, Seim og Mo bytast om å avstå for Flatekval. Ny søknad vart send til Kongen, og i 1880 vart det vedteke.

14. juli 1883 vart den nye kyrkja vigsla. Mykje trufast arbeid og slit låg bak. Kyrkja var bygd i stein som var dregen eller borne på plass. Tre-materialane kom frå Høvik, Vetlejord, Nese, Lavik og Øksendal. Det vart drege til saga i Flatekvalfossen og skore der. Bordi til kvelv og galleriet vart kjøpt i Bergen og borne som akslabør til Flatekval. 30 tunnor sement vart kløvja eller bore på mannerykk frå Mo til Flatekval. Kyrkjeklokka vart dregen på slede på bar mark av 10 mann. Lange stykker måtte ho berast. Folk kappast om å få gjort mest, og arbeidsdagen var frå kl. 6 om morgon til 9 om kvelden. Ingen ting kom til skade eller kom bort utan ein dunk zinkhvitt som gjekk gjennom isen og sokk. So ein dag stod kyrkja ferdig, betalt og utan gjeld for slekta som kom etter. Me har grunn til å minnst dei gamle med djup vyrndad. Det dei gjorde for Gud og for slektene som skulle koma etter. No har me den gleda å ha to kyrkior i Eksingedalen, og veg som bind saman heile dalen, og der er om lag 10 gudstenester i kvar kyrkja om året.

I år vert det julegudsteneste i Flatekval kyrkja 2. juledag kl. 16.00. Då vil det vera gildt om folk frå heile dalen kan samlast til høgtid og Jul i Guds hus.

Med helsing til alle, og ynskje om signa Jul i heimen din og i Kyrkja di.

Lars Bjørsvik.

Dale Blomsterhandel

Blomster ved alle høve

Ring tlf. 2346 — Dalekvam

Kyrkjelege handlingar

DØYPTE:

DALE:

Age Sandvik, fødd 17. august 1971, døypt 14. november.

Jostein Hesjedal, fødd 22. september 1971, døypt 14. november.

Jone Hesjedal, fødd 4. oktober 1971, døypt 28. november.

Linda Tveterås, fødd 27. juni 1971, døypt 2. oktober.

Birgitte Myster, fødd 5. oktober 1971, døypt 5. oktober.

Mona Grenasberg, fødd 5. august 1971, døypt 31. oktober.

Jani Anette Albrigtsen, fødd 22. september 1971, døypt 14. november.

STAMNES:

John Helland, fødd 4. september 1971, døypt 10. oktober.

Terje Kristiansen, fødd 29. juni 1971, døypt 17. oktober.

Ketil Eikefet, fødd 9. august 1971, døypt 17. oktober.

Trygve Brørvik, fødd 19. juli 1971, døypt 19. september.

Rolf Sveinung Grøsvik, fødd 4. september 1971, døypt 7. november.

Mona Hårvik, fødd 18. juli 1971, døypt 10. oktober.

Christine Leikvoll, fødd 14. august 1971, døypt 10. oktober.

Lillian Pedersen, fødd 26. juli 1971, døypt 10. oktober.

Monica Balestrand, fødd 12. august 1971, døypt 23. oktober.

VAKSDAL:

Gunnhild Karlsen, fødd 3. mai 1971, døypt 12. september.

Lars-Erik Haga, fødd 27. august 1971, døypt 20. november.

Vibekke Kristin Hallelund, fødd 17. august 1971, døypt 21. november.

Vivian Erstad, fødd 18. august 1971, døypt 5. desember.

AVLIDNE:

DALE:

Edvard Nilsen, fødd 26. juni 1898, døydd 17. november 1971, gravlagd 24. november.

Erling Hvidsten, fødd 26. juni 1906, døydd 25. november 1971, gravlagd 2. desember.

Nelly Erstad, fødd 18. juli 1888, døydd 10. november, gravlagd 16. november.

STAMNES:

Barbro Starnes, fødd 1. oktober 1883, døydd 5. november 1971, gravlagd 12. november.

NESHEIM:

Lars Jakobson Nesheim, fødd 15. juli 1879, døydd 24. oktober 1971, gravlagd 30. oktober.

I førstninga når ein les i Bibelen vil ein kanskje ikkje merka noko verknad. Men litt etter litt vil ein røyna at det står noko der, ja det står noko der, noko merkeleg som ein aldri før hadde sett.

Og dersom ein trufast held fram vil ein til slutt oppdaga at dette er det merkelegaste du noko sinne har vore vitne til.

Ragnar Frisch

GUDSTENESTER

Julafte:

Vaksdal kyrkje kl. 16.00: Res. kap. Bjørsvik. Kollekt til søndagsskulearbeidet.

Dale kyrkje kl. 15.00 og kl. 16.00: Sokneprest Skiftun. Kyrkjekoret. Kollekt til søndagsk.arb.

1. juledag:

Vaksdal kyrkje: Res. kap. Bjørsvik. Offer til N.M.S.

Dale kyrkje: Sokneprest Skiftun. Mannskoret. Offer til Menighetsfakultetet.

DALE BILSERVICE

Johannes A. Lid & Co

Tlf. 2193 — Dalekvam

Eidsland Samvirkeleg

EIDSLANDET

Filial: Lavik

2. juledag:

Starnes kyrkje: Res. kap. Bjørsvik. Offer til Menighetsfakultetet.

Bergsdalen kapell: Sokneprest Skiftun. Offer til Kirkens Nødhjelp.

Eksingedalen kyrkje kl. 16.00: Res. kap. Bjørsvik.

Nyttårsafte:

Dale kyrkje kl. 23.00: Sokneprest Skiftun.

Vaksdal kyrkje kl. 23.00: Res. kap. Bjørsvik.

Nyttårsdag:

Starnes kyrkje: Sokneprest Skiftun. Nattverd Bergsdalen kapell: Res. kap. Bjørsvik. Nattverd.

Kristi openberring søndag (2. januar):

Vaksdal kyrkje: Sokneprest Skiftun. Nattverd Dale kyrkje: Res. kap. Bjørsvik. Nattverd.

1. søndag e. Kristi openberring (9. januar):

Starnes kyrkje: Res. kap. Bjørsvik.

2. søndag e. Kristi openberring (16. januar):

Dale kyrkje: Sokneprest Skiftun.

Vaksdal kyrkje: Res. kap. Bjørsvik.

3. søndag e. Kristi openberring (23. januar):

Eidslandet kapell: Sokneprest Skiftun. Nattverd.

Bergsdalen kapell: Res. kap. Bjørsvik.

Septuagesima (30. januar):

Vaksdal kyrkje: Sokneprest Skiftun.

Dale kyrkje: Res. kap. Bjørsvik.

**Ekspedisjonstider ved
våre kontor:**

DALE, Tlf. 2421 Frå Til
Måndag t.o.m.
torsdag 8.30 15.00
Fredag 10.00 17.30

VAKSDAL, Tlf. 3605
Tysdag 9.30 16.00
Torsdag 9.30 13.00
Fredag 9.30 17.30

STAMNES, Tlf. 3 a
Fredag frå kl. 12.00 til kl. 15.00.

Bruvik Sparebank

5280 DALEKVAM, Tlf. 2421

**Stamnes Handelslag
STAMNESHELLA**

**Dale Handelsforening
Dalekvam**



Dale Servicestasjon
AGNAR VATLE
Tlf. 2189 - 2431 -
Dalekvam

Bensin - Dekk - Rekvisita

RADIOSPECIALEN ^{A/S}

Tlf. 2240 DALEKVAM

RADIO - TV

Reparasjonsverkstad

BRUVIK HANDELSLAG

Ass. Landhandel og Bakeri

FILIAL SKAFTÅ

BØKER — PAPIR — BIBLAR

SALMEBØKER - SANGBØKER

EIDE & PETERSEN ^{A/S}

Tfn. 2258 DALEKVAM

K. SEIM

Kolonial & Delikatesse

Tlf. 2323 DALEKVAM

Stanghelle Handel

STANGHELLE

**Vaksdal koop. Handelslag
VAKSDAL**

Telefon ; Kontor og manufaktur 3712, snarkjøp 3710, kjøtavd. 3711
filial 3713

Kjøp i Dykkar eigen forretning